

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Trond Roy Pedersen  
Arkivsaksnr.: 18/45 - 11

Arkiv: 034

### Planlagt behandling:

Hovudutval for barn og unge  
Kommunestyret

## DRIFTS- OG RESSURSANALYSE - TENESTEOMRÅDE BARN OG UNGE

Rapporten om ressursanalyse skule og barnehage inneheld mykje av det som også omfattar det nye tenesteområdet barn og unge. Det er derfor føremålstenleg å endra tittelen for saka frå Skule og barnehage til Barn og unge.

Hovudutvalet vedtok framdriftsplan for behandling av rapporten i møte 30.8.18. Det blei der lagt opp til å setja planen på dagsorden på to påfølgande møte.

Det blir vist til innleiing og bakgrunn i rapporten som viser til hovudutval for skule og barnehage sine målsetjingar i møte 25.01.2018. Sjå side 4 i rapporten.

Punkt 1.3.1. i rapporten opnar slik:

*«Skule- og barnehageetaten i Klepp er meget godt drevet, det er godt med kompetanse i alle ledd, kapasiteten er stor, og det er god grunn til å anta at folk flest i Klepp er tilfredse med tilbudet.»*

Det blir presisert at for Skule og barnehage gjer Devold/Glasø same observasjon som for Helse- og velferd: *Ein finn administrasjon og fagmiljø med høgt ambisjonsnivå på vegne av lokalsamfunnet: I Klepp skal me yta god teneste med høg kvalitet.*

### **Utfordringar**

Rapporten peikar på 4 strukturar som kvar for seg og i sum, fører til meirkostnader for kommunen. Det blir konkludert med at det kan vera innsparingspotensiale på 25-30 mill kr utan å bryta med hovudutvalet sine føresetnader for å bestilla rapporten. Språkdelinga utgjør mellom 15 og 20 mill kr.

### **Skulestruktur**

Det blir vist til at kommunen har gjort vedtak om innsparingar på ca 8 mill ved å leggja ned 2 skular og bygga ein ny. Ut over dette blir det peika på at innsparingar på 3,5 mill bør vera mogleg i ein periode på 3-4 år ved samanslåingar av leiing.

Ressursane til lærardekning er i samsvar med den nye nasjonale normen frå 1.8.2018 slik at Klepp ikkje får ekstra midlar frå staten. Ressursane kan nyttast betre ved å følgja opp kommunestyret sitt vedtak om å omorganisera spesialundervisninga og PPT.

*Rådmannen sitt framlegg til tiltak:*

- Felles aula, kantine, idrettshall for Bore skule og Bore ungdomsskule pressar fram felles drift. Tiltaket må bli gjennomført innan 1.2.2019.
- Det blir ein gjennomgang av leiingsstruktur i skulane. Analysa blir gjennomført innan utgangen av 2019.

### **Barnehagestruktur**

Også for barnehagane blir det vist til at kommunen får ekstra kostnader med fleire små barnehagar. Det er i samsvar med barnehagebruksplanen som allereie legg om til at dei

minste barnehagane blir fasa ut. Det gjeld Steingarden barnehage, Vasshus barnehage og Bore barnehage.

Elles blir det vist til Klepp sin gjennomgang av vaksendekning i barnehagane som resulterte i ein reduksjon på kr 4,8 mill på årsbasis frå og med barnehageåret 2018/2019. I denne analysa valde ein å ligga på 2 stillingar samla over ny nasjonal norm frå 1.8.2018 for å ta høgde for endringar i løpet av året.

Rapporten viser elles til høgt sjukefråvær i barnehagane.

*Rådmannen sitt framlegg til tiltak:*

- Framlegg om endring i barnehagestruktur blir gjort i barnehagebruksplanen som kjem opp i hovudutvalet parallelt med denne saka.
- Det blir ein gjennomgang av leiingsstruktur i barnehagane. Analysa blir gjennomført innan utgangen av 2019.
- Det er i gang prosjekt i barnehagane for å redusera sjukefråværet.

### **Arbeidsstruktur**

Det blir peika på at hjelpa ikkje kjem fram til barna og elevane slik det er forventa. Dette var bakgrunnen for administrasjonsutvalet sitt vedtak om å oppretta tenesteområdet barn og unge. Det same gjeld for kommunestyret sitt vedtak om å gjennomgå organiseringa av spesialundervisninga med sikte på ei omorganisering der teneste som PPT blir meir i samsvar med Nordahlrapporten.

I rapporten blir det også peika på at vedtaket om å leggja Fagteamet til Sørhellet barnehage er ei fornuftig endring. Men kommunen bør sjå på ei samordning av Eirik Raude senter, Orstad læringssenter og PPT.

Det blir også tilrådd at kommunen ser på betre flyt i bruk av IKT på tvers av heile kommunen. Kommunen har mykje utstyr og mange program. Framover må kommunen få betre utnytting av kapasiteten som kommunen og den enkelte brukaren har.

For Jærskulen blir det peika på høg grad av måloppnåing for skuleutvikling, interkommunal læringsfelleskap for skuleleiarar, tillitsvalde og skulefagleg personale. Jærskulen kan vurdere effektiv bruk av tid og ha fokus på det endelige målet om å auka elevane sitt læringsutbytte. Det vil bety noko for vidare oppslutning om Jærskulen.

*Rådmannen sine vurderingar:*

Det er sett i gang ein prosess med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak om omorganisering av spesialundervisninga og PPT.

I september blei det sett i gang ei gruppe som vil ha som mål å få betre flyt i bruk av IKT i kommunen. Rådmannen har også oppnemnd eit digitaliseringsutval som vurderer tiltak.

PPT vil vera ein del av omorganiseringa av spesialundervisninga med sikte på å koma nærare barn, elevar og tilsette for å gje faglege råd og oppfølgingar. Eirik Raude senteret arbeider for det meste med elevar på skulane i dag. Det er få elevar på senteret, og då over så kort tid som mogleg. Orstad læringssenter starta med 2 stillingar som skal arbeida på skulane for å gje eit betre tilbod til psykisk utviklingshemma elevar som ikkje har vald Orstad læringssenter. Rådmannen meiner at denne ordninga må prøvast meir ut før det nå blir gjort nye vurderingar i tråd med Devoldrapporten.

Konklusjonane i rapporten om Jærskulen vil bli tatt inn i Styringsgruppa for Jærskulen.

Tenestekontor barn og unge vil bli vurdert i første tertial 2019 i forhold til kapasitet.

## **Språkdelingsstruktur**

Rapporten viser til at Klepp kommune har i alt 6 % av landets ekstragrupper når det gjeld språkdeling og er fylkets desidert største kommune på dette området. Fylkesmannen tildelte 3,8 mill kr som skjønsmidler til delvis dekning av meirkostnadene for 2018. Beløpet utgjør 23 % av Klepp kommune sine meirkostnader. Klepp har 18 grupper meir enn om språkdeling ikkje var aktuelt. Språkdelinga utgjør ein ekstrakostnad på mellom 15 og 20 mill kr.

Bakgrunn for ekstragruppene er retten i Opplæringslova §2-5 som gir føresette rett til å oppretta ein klasse når minst foreldre til 10 elevar krev det. Devold peikar på at det bør vera mogleg å nytta forskrift om kringsgrenser til å oppretta ein eigen bokmålsskule i Kleppeområdet. Det må truleg søkast om godkjenning for ei slik ordning.

Kommunen bør også i samråd med KS få fram at her blir det gjennomført ei statleg ordning som påfører kommunane store ekstrautgifter. Devold skriv på framsida av rapporten: *Dersom fritt val av målform ble innført nå, ville det vært et selvsagt krav at reformen ble fullfinansiert fra statens side. I Klepp dekker staten rundt 20 % av en samlet regning på over 20 mill kr pr år.*

## **Rådmannen si vurdering:**

Kommunen sitt system for tildeling av ressursar til skulane bygger på ein matematisk tabell som ikkje tek omsyn til om ein skule får ekstraklassar p g a målform. (Det same gjeld t d for skular med mykje spesialundervisning eller skular med fleire eldre arbeidstakarar). Dette systemet gir økonomisk kontroll og har vore gjeldande sidan starten av 2000-talet. Men det betyr samstundes at nokre skular har hatt vanskar med å «få kabalen til å gå opp».

Det er derfor uvisst om innsparingspotensialet er i samsvar med rapporten. Men Devold har eit viktig poeng i forhold til Klepp kommune sine utfordringar ved staten si manglande oppfølging økonomisk av egne reformer.

Rådmannen har sendt brev til Utdanningsdirektoratet for å få ei vurdering av om det er mogleg å oppretta ein bokmålsskule. Likevel vil rådmannen peika på at det for elevar og innbyggjarar vil vera lite ønskeleg å gjennomføra eit slikt tiltak.

### *Rådmannen sitt framlegg til tiltak:*

- Få vurdert om det er aktuelt å oppretta eigen bokmålsskule.
- Ta opp manglande dekning av ekstraklassar gjennom KS (Kommunenes Sentralforbund)

## **Avsluttande kommentarar**

Hovuddelane av rapporten underbygger Klepp kommune si vilje til utvikling både for å gjennomføra nødvendige ressursgjennomgangar, men også for å gje eit betre kvalitativt tilbod til barn og unge. Dei 3 første strukturane er såleis allereie fulgt opp gjennom barnehage- og skulebruksplan, vedtak i kommunestyret om endring av organisering av spesialundervisninga og omorganiseringa til Tenesteområde barn og unge.

Språkdelingsstrukturen er eit nytt innspel for å få vurdert eit større effektiviseringspotensiale.

## **Vedlegg:**

- Drifts- og ressursanalyse i skule og barnehage v/Devold og Glasø Knutsen

## **Innstilling:**

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for barn og unge og kommunestyret med slik tilråding:

Rådmannen sine framlegg til tiltak i saka blir lagt til grunn for vidare oppfølging av rapporten Drifts- og ressursanalyse i skule og barnehage.

Rådmannen i Klepp 16.10.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*